

17/1702
30 MAI 2017

FØRESPURNAD OM FØREHANDSKONFERANSE

Avklaring av rammeføresetnader for byggetiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-1. Førhandskonferanse er gebyrlagd, jf. Lindås kommune si forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.

Eigedom

Gnr 57	Bnr 2	Adresse Lurevegeen 1532
Heimelshavar (eigar) Museumssenteret i Hordaland (Muho)	Storleik på tomt 430 da	Planstatus for eigdommen LNF - lom. Del Plan

Ønska dato

Snarest

Deltakarar (namn og føretak)

Astrid Pletten, Eier av bruk 58/4 og 5
Torhild Kvingedal, leiar Lyngheisenteret, Muho
Arkitekt Arild Sæthre, Muho
Arkitekt Ivar Fineid, Lyngheisenteret / Muho

Tiltakshavar

Namn Museumssenteret i Hordaland, avd. Lyngheisenteret		
Adresse Salhusvegen 201		
Postnummer 5107	Poststad SALTHUS	
Telefon 56356410	Mobil 41268323	E-post Ivar.fineid@muho.no

Ansvarlig søker (ved søknadspliktige tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak)

Namn Museumssenteret i Hordaland		
Adresse Salhusveien 201		
Postnummer 5107	Poststed SALTHUS	
Telefon 55251080	Mobil 90368990	E-post Atle.Martinussen@muho.no

Tiltak

Set kryss:	Tiltak:	Type (t.d. einebustad, garasje, mur osv.):
<input checked="" type="checkbox"/>	Nybygg	Bolig
	Bruksendring	
<input checked="" type="checkbox"/>	Riving	Bolig
	Tilbygg	
	Påbygg	
	Teknisk innretning	
	Separat avløpsanlegg	
	Konstruksjon (t.d. mur, basseng, terrasse)	
	Anlegg (t.d. terrenginngrep, veg)	

Vedlagt dokumentasjon. (Kryss av der dokument er lagt ved).

<input checked="" type="checkbox"/>	Teikningar av eksisterande situasjon	<input checked="" type="checkbox"/>	Teikningar ny situasjon
<input checked="" type="checkbox"/>	Foto av eksisterande situasjon		Fotomontasje
	Skriftleg utgreiing		Gyldig reguleringskart med innteikna byggetiltak
	<p>Anna:</p> <p>Teikningar og foto av eksisterande leinstove som skal flyttast. Eksisterande situasjon og om søkt løysing.</p> <p><u>Vil gjerne ta opp om kva ho kan stå som prosjekterende og utførende.</u></p>		<p>Anna:</p>

For at rammeføresetnadene for tiltaket kan verte fastsett i førehandskonferansen er det avgjerande at naudsynt og presis dokumentasjon vert vedlagt førespurnaden.


Skriftleg utgreiing må vere utfyllande slik at alle aktuelle problemstillingar vert synleg.

Sentrale punkt i utgreiinga kan være:

- Kva skal byggast?
- Kor stort skal det byggast (høgde, bredde, areal)?
- Kva skal byggverket nyttast til?
- Korleis er arkitektoniske og bruksmessige forhold teke vare på?
- Er tiltaket avhengig av dispensasjonar frå reguleringsplan eller teknisk forskrift, og i tilfelle - kva krav/forhold tingar dispensasjon?
- Korleis er veg, vatn og avløp tenkt løyst?

Det vert her stadfest ynskje om førehandskonferanse og at naudsynt dokumentasjon er vedlagt.

Dato	Underskrift ansvarlig søker og/eller tiltakshavar
22/5-2017	Torild Kvingedal



Situasjonsplan for tunet - Lurevegen 1532, 5912 Seimstrand
Omsøkt flytting av lemmstove fra 58/5 til 57/2 - Lygra, Lindås Kommune


Tiltakshaver Museumssenteret i Hordaland

Målestokk 1:1200

ark. I.Fineid MNAL - Muho



10 m
ekv 1m (/ 5m)



Målsatt situasjonsplan for tunet - Lurevegen 1532, 5912 Seimstrand

Omsøkt flytting av lemmstove fra 58/5 til 57/2 - Lygra, Lindås Kommune



Tiltakshaver

Ans.Søker

Museumssenteret i Hordaland

ark. I.Fineid MNAL - Muho


Målestokk **1:300**



Plantegning 1.etg - Lurevegen 1532, 5912 Seimstrand
Omsøkt flytting av lemmstove fra 58/5 til 57/2 - Lygra, Lindås Kommune
Tiltakshaver Museumssenteret i Hordaland

ark. I.Fineid MNAL - Muho


Målestokk
1:100



Plantegning 2.etg - Lurevegen 1532, 5912 Seimstrand
Omsøkt flytting av lemmstove fra 58/5 til 57/2 - Lygra, Lindås Kommune
Tiltakshaver Museumssenteret i Hordaland ark. I.Fineid MNAL - Muho

Målestokk

1:100





Tørrmurt grunnmur på fjell

Jordtemperert matkjeller

11 m2

Plantegning kjeller - Lurevegen 1532, 5912 Seimstrand
Omsøkt flytting av lemmstove fra 58/5 til 57/2 - Lygra, Lindås Kommune
Tiltakshaver Museumssenteret i Hordaland ark. I.Fineid MNAL - Muho

Målestokk
1:100



Tverrsnitt lemmstove - Lurevegen 1532, 5912 Seimstrand
Omsøkt flytting av lemmstove fra 58/5 til 57/2 - Lygra, Lindås Kommune
Tiltakshaver Museumssenteret i Hordaland ark. I.Fineid MNAL - Muho

Målestokk
1:100



Lemstove på bruk 58/4-5

mot acent



Lemstove brule 58/4-5

mot word



Lemstove bruik 58/4-5

mot vest



Lemstoue bruik 58/4-5.

Mot sør



NOTAT

Salhus 09.05.2017

Lemstove på gnr 58 bnr 5 – Lygra – Lindås kommune

Onsdag 3. mai 2017 var Kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring til gnr. 58 bnr. 5 på Lygra i Lindås kommune. Med på synfaringa var eigar Astrid Pletten, Torhild Kvingedal - Lyngheisenteret, Ivar Fineid - Lynheisenteret og Arild Sætre -Kulturverntenesta i Nordhordland.

Eigaren av huset ønskjer å demontere og fjerne huset. Lyngheisenteret ønskjer å overta og sette opp huset på sin eigedom og nytte det til overnatting.

Huset er ei typisk enkelbreidda lemstove i halvannan etasje. Det er tømmerstover i sør og nordenden. I midten er det kjøken, midtgang og trapp til lemen. På austsida er det vindfang og bislag. I følge «Norske gardsbruk» band 19 vart våningshuset på gnr. 58 bnr. 5 sett opp 1909. Tidlegare eigar, Rasmus Pletten, sa i eit intervju som Lyngheisenteret gjorde med han at den eine tømmerstova skulle vere frå det gamle klyngetunet ved kyrkja.

Lemstover med midtgang, slik som denne på gnr. 58, bnr. 5, var svært vanlege på Vestlandet frå midten av 1800-talet og frametter. Det var ulike årsaker til at denne byggeskikken breidde om seg. Utskiftingslova gjorde at klyngetuna vart løyst opp og bygningar flytta. I svært mange tilfelle er eine laftekassa i ei lemstove frå ei eldre bygning som var flytta frå tunet og som vart nytta i det nye bygget. Det vart meir vanleg med grue og omn med skorstein slik at ein kunne legge lem på betane og nytte andre høgda. Frå kontinentet, via Bergen, kom den klassisistiske moten med symmetrisk planløyning, noko som og var med på å forme lemstovene slik vi kjenner dei.

På synfaring 03.05. 2017 tok vi av noko kledning for å undersøke kva type laft som var nytta i dei to stovene. Det viste seg å vere sinknov i begge tømmerkjernene. Tømmeret hadde spor etter oppgangssag. Sinknov kjenner ein til frå seint på 1700-talet, men vart vanleg først utpå 1800-talet. Etter det vi kunne sjå under synfaringa var det ikkje spor etter gjenbruk og det er difor rimeleg å tru at tømmeret og var nytt då huset vart sett opp i 1909.

Det er framleis mange lemstover å sjå i bygdene på Vestlandet, men litt etter litt har dei blitt bygd på, bygd om eller rivne. Eigaren av stova på gnr. 58 bnr. 5 har behov for å fjerne den gamle stova. Difor er det positivt at den kan få nytt liv på Lyngheisenteret og på den måten kan vere med på å formidle historia kring denne byggeskikken der.

I følgje planane til Lyngheisenteret vil stova bli sett opp att på bygninga sine premisser; dvs ein vil ta omsyn til opphavelag planløyning og bruk. I tillegg vil ein so langt som råd tilbakeføre det opphavelage uttrykket i fasaden.

Arild Sætre
Sivilarkitekt

Kulturverntenesta i Nordhordland